



Brannbilen med blinkande lys i front med sjåfør Tor Øystein Myklebust.

Køyrekortesjen i Uskedalen i dag vart vellukka på alle måtar. Bil, traktor- og båtkortesje er genialt i ei tid då vi skal halda avstand, samstundes som tiltaket skaper stort engasjement og kreativitet. Publikum hadde god tilgang og kunne sjå køyretya frå ulike plassar i bygda. Nokre fekk sjå kortesjen to gonger ved at ein flytta plass i den tida bilane og traktorane køyrde rundt dalen.

Det var ei stor og variert samling av køyrety, alt frå motorsyklar, veteranbilar, veterantraktorar, militære køyrety til meir moderne traktorar. Brannbilen køyrde i front med blinkande lys og ljomande korpsmusikk over høgtalar.

Av traktorar var hagetraktoren til brørne Myhre den minste. Den største traktoren hadde sota glas og dermed var det vanskeleg å sjå kven som var eigaren. Den eldste sjåføren var Trygve Haugland, snart 92 år gamal, med sin John Deere traktor. Familien hans med fire generasjonar var med kortesjen.



[Sigmund Myklebust er klar for potetsetjing.](#)

Bilsamlaren framom alle i Uskedalen, Einar Gjertsen, kørde ein raud Volvo sportsbil. Han hadde mange bilar å ta av, men så skal det skaffast sjåførar då. Uskedalen.no har før skrive om Bjørgulv Eik som deltok med tre køyrety, - jeep, motorsykkel og traktor. Taktorentusiasten, Trond Olsen, måtte også gjera eit utval frå den store samlinga si. I dag kørde han ein veterantraktor, men det vart utlånt traktorar frå Olsen traktorsamling, som andre kørde.



[Roy Døssland med John Deere traktor og med flaggpynta høyball.](#)

Mange hadde pynta køyretya sine med flagg og bjørk. Ein hadde like godt teke heile flaggstonga med og plassert i frontlessaren.



[Svein Sunde var på plass med VW Boble med ski, klar for fjelltur. Bak kjem Einar Gjertsen i ein Volvo sportsbil.](#)

Ambassadebilen til Hans Reidar var mellom dei utvalde som fekk køyra i front. Uskedalen.no merka seg særleg passasjeren i baksetet med kongeleg helsing til publikum.

Etter dette spør vi: Er køyretykortesej kome for å bli på 17. mai. På Sørlandet snakkar dei om at båtkortesej bør bli eit fast tiltak, til dømes annakvart år. Kanskje Uskedal bør prøva alt til neste år med ny kortesej.

Tor Øystein Myklebust i 17. mai komiteen var ansvarleg for planlegginga og gjennomføringa. Han var også sjåføren på brannbilen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Hans Ordin Østebø/ Britt Iren Tjelle Østebø/ Kristian Bringedal



Rune Enæs kørte sin 2. kortesje i dag, først på Husnes og så i Uskedalen.